

**Uskedelingen Mona Vetrhus hadde eit godt og opplysende portrettprogram med Jon Fosse i P2 i føremiddag.
Sundag kveld klokka 21 kan ein høyra det oppatt.**

Den flinke NRK-medarbeidaren sa på førehand at ho var forbausa over at han var så open, for det er sjeldan han slepp til journalistar. Men det bør skytast inn at uskedelingen nok har spesielle føresetnadar for å få den etterkvart verdsberømte dramatikaren til å opna seg: Bestefaren hans og oldemora hennes var søsken! Fosse erkjente at han "ikkje har lyst til å verta kjendis i den forstand". Han understreka at det er viktig å ha eit privatliv hvis ein er sterkt eksponert som kunstnar.

Mona var med han til hytta i Sogn og undervegs og under opphaldet stilte ho ei lang rekke eksakte og gode spørsmål som gjekk både til kjernen i Fosse og i hans imponerande forfattarskap. Han fortalde til dømes at han har skreve så lenge han har hatt kjønnsdrift og at det her er ein samanheng... Han innrømte at han tidlig utvikla seg til ein rebell, ein hippie frå Hardanger! Men oppveksten i Strandebarm betydde svært mykje for han, også med omsyn til det målet han seinare har vore så trufast mot. Og han var ikkje nådig mot Aftenposten, der dei ikkje får lov til å skriva nynorsk.

Fosse er ein utruleg allsidig diktar og dikta hans fortener større merksemd. Det var ein styrke for programmet at Mona let han lesa mange dikt og det vil glede mange at han no skriv på eit diktmanus for første gong på 10 år.

Diktaren sveipa også innom musikk. Han sa at han var musikalsk, men vart sliten av aktiv høyring og at det er berre Bach han gidd å setja på. Men han høyrer nesten ikkje på musikk lenger. Ei annan personleg opplysning var at han er flink til å laga mat. Han laga då også fleskepannekakar til reporteren.

Fosse hadde naturleg nok mange slåande formuleringar og her er to av dei:

- Alt er farleg hvis du gjerfor mykje av det.
- Å skriva var eit slags vern, ein plass å halda ut.

Han vart også spurt om skriving og alkohol, men avviste kombinasjonen fordi skrivinga krev presisjon og tydelegheit.

Av Ola Matti Mathisen